



Dykkar ref.

Vår ref.
15/- /NPS

Dato:
29.10.2015

Yrkes- og fagopplæringa må styrkast

Næringslivet, kommunane og samfunnet skrik etter personar med fag- og yrkesutdanning. Trass nedgang i nokre bransjar, er det framleis stor mangel på kvalifisert arbeidskraft og personar med fagbrev i ei rekkje bransjar.

I Sogn og Fjordane utdannar vi over 500 fagarbeidar kvart år innan ca. 70 forskjellige fagområde. Dei største faga er tømrar, industri, elektro, yrkessjåfør og helsefag. Det er over 1000 lærekontraktar i fylket. I tillegg kjem praksiskandidatar ute bedriftene.

Likevel er fråfallet frå yrkesfaga ei stor utfordring for fylket vårt. Gjennom skuletida skal elevane først gå to år på vidaregåande skule for så å gå to år ute i ei lærebedrift. Berre om lag 30 % av dei som startar det fireårige løpet i den vidaregåande skulen i fylket vårt kjem ut med eit fagbrev. Nokre elevar sluttar eller gjer omval i løpet av dei to første skuleåra. Andre går over til allmennfagleg påbygg eller går ut i arbeidslivet etter to år på skulen. Atter andre sluttar etter to år på den vidaregåande skulen. Gjennomføringsgraden er for låg og fråfallet er alt for stort.

Ei av utfordringane med yrkesutdanninga er at teorifaga i opplæringa skal bli meir praktisk retta. Teorien må i sterkare grad koplast opp mot det praktiske arbeidet i bedriftene. Praktiske eksempel skal hentast frå lærebedriftene og næringslivet. På denne måten skal teorien bli lettare å tileigne seg utan at nivået vert senka.

Ein viktig del av denne diskusjonen er å heve statusen til yrkesfaga. Både næringslivet, foreldregenerasjonen, lærarar, rådgjevarar og politikarar må bli flinkare til få fram behovet for kompetanse. Kvar på vår plass må vi bli langt flinkare til «å prate opp» og marknadsføre yrkesfaga i den vidaregåande skulen. Tilgang på og tal på læreplassar må også aukast. Det er ikkje rett at elevar som tek denne type utdanning skal stå utan læreplass. Næringslivet må i sterkare grad ta ansvar for tilby læreplassar på dei ulike fagområda.

Fylkeskonferansen til LO i Sogn og Fjordane krev at Regjeringa, Stortinget og Sogn og Fjordane fylkeskommune i sterkare grad prioriterer yrkes- og fagopplæringa. Samfunnet og næringslivet treng personar med fagkompetanse. Dei fleste jobbane krev fagbrev eller ei anna form for spiss- eller spesialkompetanse. Velferds- og næringsutviklinga krev at vi får ut fleire elevar frå den vidaregåande skulen med fagbrev og fagkompetanse. Difor må fagopplæringa styrkast.